

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 22.09.2020
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering pkt. 5
Klikk og hent-løysing for PUB-området**

ARKIVSAK: 2020/204
STYRESAK: 27/20

STYREMØTE: 29.09.2020

Oppsummering

I samsvar med nasjonal strategi for publikumsområdet vert det no prioritert utvikling av ei felles klikk og hent-løysing for sjukehusapotekføretaka. Dette vil vere ei mellombels netthandel-løysing fram til ein realiserer ei komplett løysing når nye ERP- og reseptur- og butikkdatasystem (RBD) er etablert. For å avgrensa kostnad og sikra rask framdrift i utviklinga, er det beslutta å vidareutvikla eksisterande løysing for klargjering av reseptar frå Sykehusapotekene HF til ei felles klikk- og hent-løysing. Sjukehusapoteka Vest HF (SAV) sin kostnad for utviklingsarbeidet er estimert til omlag NOK 600.000 + ressursbidrag. Det er venta at løysinga skal vere klar for testing i desember 2020 og implementerast i april 2021.

Fakta

I samsvar med nasjonal strategi for publikumsområdet pågår det no utvikling av ei felles klikk og hent-løysing for sjukehusapotekføretaka. Dette arbeidet har fått høg prioritet i det nasjonale samarbeidet for i større grad å kunne tilby eit sjukehusapotektilbod gjennom digitale kanalar. Sal av legemidlar og apotekvarer på nett er aukande, og dette har vorte styrka ytterlegare under koronapandemien. Det vert difor stadig viktigare for sjukehusapoteka å kunne tilby ei brukarvenleg netthandelsløysing til sine kundar.

Mellombels løysing

Det er ikkje mogleg å realisera ei komplett netthandelsløysing før nye ERP- og RBD-system er implementert og etablert i føretaka. Det er venta at det vil ta fleire år før ei komplett løysing kan vere på plass. Direktørmøtet i sjukehusapotekføretaka har difor beslutta å utvikla ei mellombels

minimumsløysing for «klikk og hent» basert på SAHF si eksisterande løysing. Denne kan nyttast fram til ein ei komplett netthandelsløysing er klar.

Tabell 1: Framdriftsplan for arbeidet

Tidspunkt	Oppgåve
05.2020	Intensjonskunngjering gjennomført
06-08.2020	Signering av kontrakt og design av løysinga
09-12.2020	Utviklingssprintar (programmering)
12.2020	1.versjon klar for testing i utvalde sjukehusapotek (Haugesund i SAV)
01-03.2021	Test og utviklingssprintar
04.2021	Implementering

Kostnadsramme

Kostnad for ny klikk og hent-løysing vil omfatta deling av restverdi for eksisterande løysing i SAHF og kostnad for vidareutvikling av denne løysinga.

Anskaffinga si totale verdi for vidareutvikling er på NOK 2.500.000 inkl.mva.

Restverdi av eksisterande løysing er estimert til NOK 500.000 inkl mva.

SAV sin kostnad, etter ordinær delingsnøkkel (20%), utgjør NOK 600.000 inkl mva + ressursbidrag.

Innhald i løysinga

Pasientar skal få tilgang til, og oversikt over sine gyldige e-reseptar og moglegheit for å tinga klargjering av desse samt eit utval apotekvarer direkte i løysinga. Dette krev sikker innlogging med BankID og integrasjon med Reseptformidlaren. Vidare skal ein kunne velje kven som skal hente tinginga og om ein ynskjer å betala på førehand med Vipps eller betaling direkte i apoteket ved henting.

Løysinga skal vere uavhengig av plattform og designa slik at den er tilpassa både mobil og pc-skjerm (ulike operativsystem, nettlesarar, skjermstørrelsar). Det skal og vere mogleg å vidareutviklinga løysinga til ei komplett løysing med nødvendige integrasjonar på eit seinare tidspunkt.

Nytteeffekt av løysinga

Løysinga skal gje eit betre og meir tilgjengeleg apotektilbod som skal vera med å auka pasientsikkerheit ved at fleire får med seg legemidlar før heimreise og mindre ventetid for kundar/pasientar.

For sjukehuset vil løysinga gjere det enklare og spare tid for sjukehuspersonalet å henta ut legemidlar for pasientar som er klare til å reisa heim. Det vert og lagt til rette for tilbod om levering av tingingar direkte til pasient på avdelinga.

For sjukehusapoteka vil løysinga betra arbeidsflyt og større føreseielege kundebesøk-/trafikk. Eit tydelegare skilje mellom klargjering og utlevering vil vera med på å betra kvaliteten i rådgjevinga ved utlevering. Løysinga vil og vere med på å auka SAV sin konkurransekraft i markedet, med auke av kundar og auka lønnsamd.